

## Møtereferat

Dato: 07.09.2018

Emne:	<b>Forprosjekt regionalt bustadbyggeprogram</b>	
Til stades:	<p>Husbanken: Sverre Høynes, Siri Erdal Fjell kommune: Eli Jeanette Fosso, Ørjan Espenvoll Askøy kommune: Synne Guldberg, Tina Marie Lund Lindås kommune: Frøydis Ones Bergen kommune: Unn Hovda, Trygve Andresen HFK: Marit Rødseth, Lars Petter Klem, Gunhild Raddum, Cathrine Grasdal</p>	
Møtetid:	07.09.2018 kl. 0900 - 1100	Møtestad: Fylkeshuset, møterom Sunnhordland

**Møteleiar: Marit Rødseth**

**Referent: Cathrine Grasdal**

### Agenda

1. Møtereferat frå 23.08.18
2. Drøfting av prosjektomtale
  - o Bestillingar knytt til kunnskapsgrunnlag/rapport
  - o Korleis løyse politisk forankring på ein god og effektiv måte i forprosjektet
  - o Avklare deltaking i arbeidsgruppe eller referansegruppe
  - o Anna
3. Avtale nytt møte

Marit Rødseth, plansjef hjå Hordaland fylkeskommune, ønskte velkommen og leia møtet.  
Kort presentasjonsrunde.

#### **1. Møtereferat frå 23.08.18:**

Kommentarar: I referatet står det med tanke på Bergen kommune sin KPA, der perspektivet er 2030. Dette blir retta opp i referatet før det vert arkivert.

Det kom fram eit ønskje om å få tilsendt søknader og tilsegn knytt til forprosjekt (også dei to andre delprosjekta vi sökte til; sykkel og parkering) og søknad til hovudprosjekt som nyleg blei sendt ut.

#### **2. Prosjektomtale Forprosjekt bustadbyggeprogram – innspel og drøfting**

Prosjektomtale sist revidert 06.09.18 blei gjennomgått og kommentert.

#### **Innleiing og bakgrunn:**

Husbanken må synleggjera i forprosjektet generelt. Eigeninnsats frå Husbanken blir sett inn i finansieringsplanen. Vidare skal ein ta inn Husbanken sine mål i hovudprosjekt.

**Mål:**

Det blei ei drøfting av om en skal ha spesielt fokus på barnefamiliar. Variasjon er vesentleg, men til dels er det ein overpopulasjon av eldre i sentrum (t.d. i Bergen og Fjell). Samstundes oppmodar ein til, og legg til rette for, at eldre skal bu lenger i eigen heim. Husbanken peiker på at sosial miks er fokus i deira arbeid – med tanke på alder, sosialt og økonomisk. Ein blei einig om å ta inn igjen barnefamiliar som fokus i mål.

Vidare når det gjeld variasjon og balanse: Fleksibilitet i bygningsmassen blir peika på som eit viktig verkemiddel for variasjon, også over tid, i sentrum/vekstsonene. Dessutan fins det ulike måtar å forstå fortettingsomgrepet, men det er ofte ei einsforming forståing som blir lagd til grunn.

**Budsjett og finanisering:**

Marit Rødseth peikte på at det er vanskeleg å beregne kva ressursar eit slikt forprosjekt krev, men estimerte at eigeninnsatsen til kommunane og Husbanken i finansieringsplanen omlag vil svare til oppmøta i koordineringsgruppa og fagleg bistand i analysar.

**Organisering, medverknad og forankring:**

Det kom opp spørsmål om arbeidsgruppe er rette nemninga på denne gruppa, og Husbanken føreslo i staden koordineringsgruppe, i og med at vi koordinerer ulike interesser knytt til forprosjektet.

FM og SVV vil i framhaldet av arbeidet ikkje delta i koordineringsgruppa, men ønskjer informasjon om arbeidet, og ev. vere ressursar om gruppa jobbar med særleg relevante problemstillingar.

Om politisk forankring og eigarskap: Det var semje om å presentere noko for politikarane relativt raskt, men seint nok til at vi har noko konsistent å presentere. T.d. eit infomøte ein slags kick-off, i november 2018.

Vidare ønskjer vi eit møte med politikarane når vi har ei prosjektskisse klar for hovudprosjekt. Frist for rapportering er 30. april 2019, så i slutten av februar 2019 bør ein vere klar med denne for presentasjon. Det blei peika på at status for bustadprogrammet, som hovudprosjektet leverer, er tett knytt til politisk forankring og dessutan forholdet til Byvekstavtale-forhandlingane. Det blei stilt spørsmål om det kan vere eit tema i forhandlingane for byvekstavtale som det kunne passer å kople til? HFK sjekkar ut dette.

**Innhald og oppgåver**

Innhaldet i målsettingane blei noko endra i møtet.

Målsetting ein – å definere innhald og tema for bustadbyggeprogrammet, gjer vi i koordineringsgruppa.

Arealanalyse, som skal kartlegge ledig areal og fortettingspotensiale: Det blir gjennomført ei casestudie som inneholder HFK sin arealanalyse, men som blir supplert med kartlegging av potensiale for fortetting og transformasjon. Her må ein syte for at casestudien blir relevant (generell nok), slik at den kan bli brukt i fleire kommunar. Ein skal vurdere å ta inn utbyggjarar som informantar/intervjuobjekt. Ein kan t.d. velje ut 2-3 aktørar i Kleppestø. Sekretariatet skal sjekke Boligforum i Stavanger (korleis dei jobbar/verkar).

Mogeleghetsstudie: lage ei oversikt over kommunane sine strategiar/planer for bustadfeltet og vurdere kva ein treng eit regionalt perspektiv på. Gje oversyn over kva for verkemiddel er tilgjengeleg for kommunane i dette feltet (statlege, regionale) Det blei peikt på at kommunane sitt ambisjonsnivå med tanke på verkemiddel òg er relevant i denne samanhengen.

Det blei spela inn at i tillegg til ei GIS-basert analyse, burde ein òg gjere ein pilot for gjennomføring, for å få frem gode samarbeidsmodeller, og for delingstypologiar/bufellesskap. Kan dette vere noko som ein gjennomfører som konsekvens av sjølvé bustadprogrammet?

Det blei òg peikt på manglande samsvar mellom behov/krav og faktiske verkemiddel for sosial bustadbygging. Vidare viste Husbanken til eigne prinsipp om «normalisering og integrering».

Bergen kommune presiserte dette med vekstsonene som analysefelt, og peikar på forholdet mellom Bergen og omlandet sine strategiar for bustadbygging og busetnadsmønster. Resultatet av dei respektive kommunane sine bustadpolitikkar må sjåast opp mot de regionale og statlige føringane

**Arbeid vidare før neste møte:**

Definere konsulentoppdrag med arealanalyse av vekstsonen kring Kleppestø, Askøy kommune. Sekretariatet kommuniserer med Askøy om casestudien, og lager eit forslag til konsulentoppdraget, sender det ut til koordineringsgruppa for innspel med kort frist.

Definere konsulentoppdrag – oversyn over kommunane sin bustadpolitikk og verkemiddel i eit regionalt perspektiv.

- Beskrive dagens bustadprogrammering/strategi i dei 5 kommunane og sjå på dette opp mot regionale og statlege føringar.
- Oversikt over virkemiddel og korleis desse blir tatt i bruk, og synliggjere vinsten for kommunane.

Utarbeide revidert prosjektomtale og førebu innspel til hovudprosjektomtale.

**3. Nytt møte 4. okt. kl 08:30-11:00 i Fylkeshuset (Det kjem eigen innkalling frå Outlook-kalenderen) - Aktuelle tema:**

**Politisk forankring**

**Utbyggjarperspektiv/medverknad**

**Balansert bustadbygging**

**Variert bustadbygging**